



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Kari Elster Moen, 5557 2370

Vår dato
09.04.2014
Dykkar dato
19.03.2014

Vår referanse
2010/6046 421.4
Dykkar referanse
14/1158 12/1154

Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug

Uttale til nytt offentleg ettersyn av reguleringsplan - Meland - Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak - PlanID 125620090003

Fylkesmannen viser til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi og steinuttak som er til nytt offentleg ettersyn.

Grunnen til at reguleringsplanen er lagt ut til nytt offentleg ettersyn er at det er gjort endringar i planen som gjorde det nødvendig. Den største endringa i planen er at framtidige bustadar er tatt ut.

Fylkesmannen hadde motsegn då planen var oppe til offentleg ettersyn i 2012. Seinare trekte vi våre motsegner fordi dei var tatt omsyn til i planen.

Kommentarar til planforslaget:

- Det er positivt at ein i handsaming av planen tar opp at slike store tiltak i utgangspunktet skal vere forankra i kommuneplanen.
- For at planen skal vere tilgjengeleg og forståeleg for folk flest er det viktig at planskildringa vert endra slik at det er samsvar mellom vedteken plan og planskildring. Til dømes er ikkje "nytt bustadområde" lenger eit aktuelt tema.
- Ein må og sjå til at referansar til føresegner vert endra slik at dei er i samsvar med nummereringa i reviderte føresegner.
- Heilt til slutt nemner vi ein liten feil i teiknforklaringa til plankartet: Traktoren i LNF-føremålet har hoppa ut av den grønne fargen og kome på eiga linje.

Lukke til vidare med arbeidet knytt til gjennomføringa av planen!

Med helsing

Arve Meidell e.f.
seksjonsleiar

Kari Elster Moen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.